



## Veve 34: Rotarmøte 23.08.2023

**S**å er vi i gang igjen! – med nytt rotaryår og ny president, **Kjersti Martinsen**, som opna møtet på Hotell Skjærgården med eit dikt av den unge låtskrivaren, musikaren og poeten Trygve Skaug (f. 1985) frå Trøgstad; sjå den grøne ruta. 19 medlemer og 3 gjester var til stades.

Presidenten sa først nokre ord om **medlemsverving**. Kva bør vi seie til folk for å gjere dei interesserte i organisasjonen vår? Begynn med å seie kva rotary betyr for deg, hald fram med å fortelje

kva rotary held på med, som arbeidet for å utrydde polio. Legg til nokre ord om klubbmiljøet, og nemn valspråket til RI-president Gordon McInally: **Create hope in the world.**



**CREATE HOPE  
in the WORLD**

Mange medlemer har hatt **bursdag** i sommar, f.o.m. veke 25 t.o.m. veke 34; sjå tabellen til høgre. Vi gratulerer!

Presidenten opplyste at – med nokre mindre justeringar – blir **komiteane** som i førre rotaryår.



Du lengter ofte etter at alle brikkene skal falle på plass  
jeg gruer meg egentlig til det  
det beste med å pusle  
er jo nettopp  
å pusle  
ikke å bli ferdig

Fødselsdato	Namn	Alder
<b>29.06.1945</b>	Edrund Olaisen	78
<b>07.07.1954</b>	Sissel Berit Hoell	69
<b>14.07.1950</b>	Berit Midtgård	73
<b>24.07.1949</b>	Erik Hans Eriksen	74
<b>01.08.1967</b>	Eva Boxaspen	56
<b>21.08.1944</b>	Helge Martin Grande	79
<b>26.08.1956</b>	Anne Wiik Stamsø	67

D 2290 skal **nominere DG for 2026–27**, og fristen for å kome med framlegg er 15.09.23.

I haust er det etter *Rotary Leadership Institute*, med tre dagsamlingar på Brokelandsheia, laurdagane 30.09., 28. 10. og 25.11. Påmeldingsfristen er 10. 09., til vår Kari Kaggerud, [kari.kaggerud@online.no](mailto:kari.kaggerud@online.no) // 907 66 140. Meir informasjon [her](#). (Håpar lenkja fungerer.)

Klubben vår får **besök av DG Ole Sverre Lund** onsdag 20. september. Det blir som vanleg eit utvida møte, og guvernøren vil gjerne møte både styret og komiteleiarane.

Frå fredag 01.09. til søndag 03.09. er det **distriktskonferanse** i Sandefjord.

Etter innleiinga til presidenten fekk Rolf Heimdal ordet, og fortalte om **hjartestartaren**, som klubben vår har hengt opp nær Torget i Langesund. På siste side referatet i har eg lagt inn ein kopi av artikkelen som referenten sende til lokalavisene. 19. august stod han på s. 23 i TA. Rolf H. blei også intervjuet om hjartestartaren på s. 14 i Porsgrunns Dagblad laurdag 26. august. Siste nytt var at Rolf har fått eit ekstrabatteri til hjartestartaren.

**N**este punkt var presentasjon av den meksikanske utvekslingseleven vår – **Leo**! Leiaren i Ungdomskomiteen, Berit Midtgård, fortalte at Leo er vel i gang på Bamble vgs. Han fylte 17 år laurdag 19. august, og det ble markert med selskap hos Berit og Øyvind.

Leo kjem frå den meksikanske byen **Tepatitlán**, som de finn på kartet nedst på sida. (Bynamnet kjem frå det uto-aztekiske språket *nahuatl*, men står dessverre ikkje i nahuatl-ordboka til referenten.) Leo er ein hyggeleg gut som likar fiskekaker.

Leo blir buande hos Berit og Øyvind fram til 1. desember, og Berit la fram planen for dei vertsfamiliane har seinare skal bu hos – til saman 3 1/2, som ho sa. Han blir med på Distriktskonferansen i Sandefjord først i september, der han vil møte andre utvekslingselevar.



Vår eigen utvekslingslev, **Teodor**, er på plass i den meksikanske byen **León**, som ligg 159 km (langs vegen) frå Tepatitlán og 373 km frå Mexico by (Ciudad de México). Sjå kartet.

Tor Suhrke fortalte at klubben vår har [eit eldre fysisk arkiv](#), som no ligg i lokala til Turlaget i Det gamle rådhuset, samt utstyr til Rotaryleikane. *Gea Norvegica Geopark* skal flytte inn i Det gamle rådhuset, og før den tid skal lokala pussast opp. Dei egedelane våre som vi ønskjer å ta vare på, må flyttast ned i kjellaren. Til flytting trengst det hjelp!

[Språksamtalane med flyktningar](#) held fram på onsdagane, og her trengst det fleire deltakarar frå klubben – ikkje minst *menn*!

Steinar Skilagen informerte frå komiteen som arbeider med [nye informasjonstavler langs Kyststien](#). Den første tavla, DET GAMLE FERJELEIET, er snart ferdig, og skal setjast opp nettopp der – ved det gamle ferjeleiet på Stathelle. Og det må markerast!

Langesund. 26. august 2023,

Rolf Theil





**FERDIG:** Kjersti Martinsen, president i Langesund rotaryklubb, og Rolf Heimdal, leder i komiteen for Rotaryfondet, ved den ferdig monterte hjertestarteren.

**FOTO: ROLF THEIL**

## Hjertestarter fra Langesund rotaryklubb

**BAMBLE:** Nylig ble det satt opp en hjertestarter ved torget i Langesund sentrum, rett ved hjørnet mellom Kirkeveien og Storgata. Dette er en gave fra Langesund rotaryklubb til Røde Kors.

Hjertestarteren er et apparat som ved hjelp av to elektroder klistret på brystet kan gi ett eller flere strømstøt gjennom hjertet ved hjertestans. Hjertestarteren vil vurdere hjertertymen og beslutte om denne bør slås ut med et strømstøt, for på denne måten gi hjertet mulighet til å selv starte på nytt med en hensiktsmessig rytme.

Ca. 2500 mennesker får plutselig og uventet hjertestans utenfor sykehus i Norge hvert år, og mange av disse kunne vært reddet med rask og adekvat behandling.

Rolf Heimdal, som er leder for komiteen for Rotaryfondet i Langesund rotaryklubb, og som har tatt initiativet til å skaffe hjertestarteren, forteller at med montasje og skilt har den kostet 23 000 kroner. Av dette kommer 16 000 fra en felles konto for gode formål i rotarydistrikt 2290 - det vil si de 42 rotaryklubbene i Vestfold, Telemark og Agder.



**MONTERER:** En elektriker fra Kjeldal Elektro på Stathelle monterer hjertestarteren, mens Rolf Heimdal fra Langesund rotaryklubb ser på.

**FOTO: ROLF THEIL**

Heimdal opplyser videre at Bamble Røde Kors har varslet ham om at hjertestarteren nå er registrert i hjertestarterregisteret. Det offentlige hjertestarterregisteret driftes av helsemyndighetene og gir hjertestartere tilgjengelige for 113-sentralene. Dette er nettadressen til registeret: <https://www.113.no/hjertestarterregisteret/>. Her finner man oversikt - også kart - over

alle registrerte hjertestartere i hele Norge, blant annet de rundt 150 i Grenland.

Hjertestarteren er ikke vanlig å bruke. Når man tar den ned fra veggen, gir den faktisk muntlig beskjed om hva man skal gjøre. I tillegg blir 113 varslet automatisk, og etter kort tid før man kyndig hjelp.

**Rolf Theil,  
Langesund rotaryklubb**